REFERAT FRÅ STYREMØTE I STAVANGER BORDTENNISKLUBB DEN 30. NOVEMBER 2015

Til stades: Michael Nickel, Trond Skeie, Roy Høyland og Roald Lygre (referent)

SAK 10/2015-16 REFERAT FRÅ FØRRE MØTE

Referat frå møte 7. september vart gjennomgått.

SAK 11/2015-16 SPORTSLEG

Seriespel: Har meldt på eit lag i 4.-divisjon, det blir truleg fire rundar etter jul.

Individuelt seriespel: Har ikkje kome skikkeleg i gang. Michael og Trond prøver å ta tak i dette. Eventuelt slå saman dei to første puljane.

Det har kome eit par ivrige foreldre, kanskje me kunne få dei på trenarkurs?

Støtte til reise på stemne til våren vart diskutert, me vedtok å støtta påmelding og reise til:

-NM for Yngre Oppegård 11-13 mars (for spelarar som blir tekne ut)

Lia-kixen, Grimstad 11-12 juni (alle medlemmer)

Støtte: Støtte per km for bil, eventuelt kr 750 for reise til Oslo (500 til Bergen om det blir aktuelt). Reise og overnatting for leiar på NM for yngre.

Siddistreffen 2016: Det skal kallast inn til møte og sjekka interessa i klubben, i god tid før frist for å melda interesse for arrangementet.

SAK 12/2015-16 ØKONOMI

-Status medlemmer: 22 har betalt medlems+treningsavgift. 1 medlem = 23

-Status økonomi: Har brukt circa 10 000, reknar med å få inn omtrent 25 000 i medlemsavgift.

Saldo bank: 160 000

SAK 13/2015 JULEAVSLUTNING/SOSIALT

Me arrangerer avslutning måndag 21 desember kl 19:30 på Hanssons Minde. Fordeling av oppgåver:

Senda e-post og få inn påmeldingar: Roald. Handla Pizza & brus: Trond. Gløgg: Michael

SAK 14/2015 ÅRSMØTE

Prøva å ha årsmøtet litt tidlegare, i februar?. Valkomite: Vart ikkje valgt i fjor. Me må ta jobben sjølve med å finna kandidatar til styret, må også ha revisor og valkomite denna gangen.

Neste styremøte: Ved behov.